



Trond Andre Viken
Mykingvegen 820
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10065 - 22/76243

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
06.10.2022

Melding om avvik på lokk - gbnr 31/4 Li (Dalsgrend)

Tiltak: Avvik på lokk
Byggjestad: Gbnr: 31/4
Tiltakshavar: Trond Andre Viken

Alver kommune har den 24.08.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 16.08.2022 vart registrert manglande lok på septiktanken på eigedommen din, med adresse Mykingvegen 820. Ved manglande lok på septiktanken er det fare for at menneske eller dyr kan falle ned i den. Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at eit forsvarleg lok vert montert på den. Loket må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås.

Avviksmeldingar frå tømmemannskap viser at septiktanken din har mangla lok sidan 2010. Viser til vedtak datert 17.12.2020 i denne saka, som gjaldt pålegg og tvangsmulkt for manglande lok på septiktanken. Tvangsmulka for manglande sikring av tanken er foreløpig ikkje iverksett, men vi vil vurdere å iverksette denne dersom vi ikkje høyrer noko frå deg innan fristen nedanfor. Dagmulka vil då bli gjeldande frå 01.10.2022. Dette betyr at første faktura kan bli sendt frå oss i november og vil innehalde:

- Løpande dagmulkt for september og oktober på kroner 6.200,-
- Eingongsmulkt på kroner 15.000,-

Totalt vil fakturaen være på kroner **21.200,-**

Vi varslar også at kommunen kan få arbeidet med sikring av tanken gjennomført på din rekning dersom vi ikkje får tilbakemelding frå deg innan fristen nedanfor, jf. Plan- og bygningslova § 32-7. Rekning for utført arbeid vil då komme i tillegg til tvangsmulka omtalt ovanfor.

I følge plan- og bygningslova § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra.

Tilstanden må utbetrast omgåande. Frist for retting og tilbakemelding vert sett til 01.11.2022.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Montering av lok på septiktanken din er eit tiltak som du kan gjennomføre sjølv eller få andre til å utføre for deg. Kontaktar du eit røyrleggar føretak, vil dei rådgje korleis tanken kan sikrast på best mogleg måte. Dette vil være mindre kostbart enn tvangsmulkt og løpande dagmulkt.

Når avviket er retta, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du/de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Andre forhold

Det er i denne saka også vedtatt tvangsmulkt og løpande dagmulkt etter forureiningslova §73 for fjerning av boss i septiktanken din. Denne vart oversendt statens innkrevingssentral 27.05.2021. Denne vil fortsette å løpa fram til vi har fått tilbakemelding frå deg vedrørende fjerning av boss i septiktanken din.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å sikre basseng, brønn og dam følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Pålegg om retting følgjer av plan- og bygningslova § 32-3.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Tvangsfullbyrdelse følgjer av plan- og bygningslova § 32-7.
- Overtredelsesgebyr og straffeansvar for brot på § 28-6 framgår av plan- og bygningslova §§ 32-8 og 32-9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trond Andre Viken

Mykingvegen 820

5913

EIKANGERVÅG